



Arkivnr: 2014/14233-7

Saksbehandlar: Ingrid Kristine Holm Svendsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017

Avvikling av stiftinga Regionsenter for husflidnæring

Samandrag

Stiftinga Regionsenter for husflidnæring vart oppretta i 1992 av Voss kommune og Hordaland fylkeskommune med ein grunnkapital på 200.000 kroner. Formålet var å hjelpe til med næringsutvikling og medverke til etablering av lønsame verksemder innan husflidssektoren. Stiftinga vart etablert med ein dagleg leiar og eit styre med representantar frå mellom anna Voss kommune og Hordaland fylkeskommune. Drifta av stiftinga vart finansiert gjennom årlege tilskot frå Voss kommune og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune og Voss kommune har ikkje ytt årlege driftstilskot til stiftinga sidan 2013.

Etter det Hordaland fylkeskommune har fått opplyst, gjorde styret vedtak om å avvikle stiftinga våren/sommaren 2014. Dagleg leiar vart sagt opp med verknad frå 1. juli 2014. I ettertid har det vist seg at stiftinga enno ikkje har oppfylt dei formelle lovmessige krava som gjeld for avvikling av slike stiftingar. Det vart heller ikkje levert inn årsrekneskap i tide for 2014, 2015 og 2016. Etter det Hordaland fylkeskommune er kjent med er stiftinga sin grunnkapital brukta opp.

Det er no etablert eit eget avviklingsstyre som handsamer den vidare prosessen. Lotteri- og stiftelsestilsynet har godkjend søknaden om å avvikle stiftinga. Det er ein føresetnad for slik avvikling at alle økonomiske krav er gjort opp. I motsett fall må ein melde oppbod (konkurs). Stiftinga har kjende økonomiske forpliktingar på til saman 155.778 kroner. I tillegg kjem utgifter knytt til revisjon av rekneskap og juridisk bistand.

Av omsyn til fristen for avvikling av stiftinga, dagsett til 1. mars i vedtak hos Lotteri- og stiftelsestilsynet, er det naudsynt med ei rask avklaring av saka.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at stiftinga Regionsenteret for husflidnæring formelt vert lagt ned.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle fram ei løysing innafor ei økonomisk ramme på inntil 200.000 kronar. Beløpet vert dekka over rådveldekontoen til fylkesutvalet.
3. Fylkesutvalet får ei melding om sluttresultatet når saka er løyst.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.02.2017

Bakgrunn

Stiftinga Regionsenter for husflidnæring vart oppretta i 1992 av Voss kommune og Hordaland fylkeskommune med ein grunnkapital på 200.000 kroner. Formålet var å hjelpe til med næringsutvikling og medverke til etablering av lønsame verksemder innan husflidssektoren. Stiftinga vart etablert med ein dagleg leiar og eit styre med representantar frå mellom anna Voss kommune og Hordaland fylkeskommune. Drifta av stiftinga vart finansiert gjennom årlege tilskot frå Voss kommune og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune og Voss kommune har ikkje ytt årlege driftstilskot til stiftinga sidan 2013.

Etter det Hordaland fylkeskommune har fått opplyst, gjorde styret vedtak om å avvikle stiftinga våren/sommaren 2014. Dagleg leiar vart sagt opp med verknad frå 1. juli 2014. I ettertid har det vist seg at stiftinga enno ikkje har oppfylt dei formelle lovmessige krava som gjeld for avvikling av slike stiftingar. Det vart heller ikkje levert inn årsrekneskap i tide for kvart av åra 2014, 2015 og 2016. Brønnøysundregistra har difor ilagt stiftinga forseinkingsgebyr for kvart av desse åra.

Etter det Hordaland fylkeskommune er kjent med er stiftinga sin grunnkapital brukt opp.

Status

Hordaland fylkeskommune vart først kontakta om saka i juli 2016 av eit tidlegare styremedlem. Fylkesrådmannen kopla då inn advokatfirmaet Thommessen for å sikre juridisk bistand knytt til korrekt framgangsmåte for formell avvikling av stiftinga.

Det er no etablert eit eget avviklingsstyre som handsamer den vidare prosessen. Lotteri- og stiftelsestilsynet har godkjend søknaden om å avvikle stiftinga. Det er ein føresetnad for slik avvikling at alle økonomiske krav er gjort opp. I motsett fall må ein melde oppbod (konkurs). Fristen for avvikling av stiftinga er sett til 1. mars 2017.

Årsrekneskapen og balansen i stiftinga per 31. desember 2015 viser ein negativ eigenkapital på minus 5.221 kroner. Årsrekneskapen for 2016 er under handsaming hos revisor. I tillegg er det avdekkja at stiftinga har ei pensjonsforplikting hos KLP knytt til tidlegare dagleg leiar på 150.557 kroner. Eigenkapitalen til stiftinga er etter det fylkeskommunen har fått opplyst, gått med til å dekkje gebyr med vidare knytt til for sein innlevering av rekneskapar, og til å dekkje løpende pensjonsforpliktingar. Stiftinga har dermed økonomiske forpliktingar som ho ikkje har midlar til å dekkje. Stiftinga kan difor ikkje halde fram med avviklingsprosessen ovarfor Lotteri- og Stiftelsestilsynet før desse forpliktingane er gjort opp. Alternativet er at stiftinga melder oppbod (konkurs).

Alternativ

Slik saka står har ein følgjande alternativ for vidare framdrift:

- A) Avvikling av stiftinga: Lotteri- og stiftelsestilsynet har i avviklingsvedtaket av 13. januar 2017 samtykka i at stiftinga kan avviklast, men har stilt som lovpålagt vilkår at alle stiftinga sine økonomiske forpliktingar må vere oppgjort før stiftinga kan avviklast. Stiftinga har som nemnd ikkje tilstrekkeleg med midlar til dette, og er difor avhengig av å få tilført kapital for å gjere opp pensjonsforpliktinga.
- B) Oppbod (konkurs): Dersom stiftinga ikkje vert tilført naudsynt kapital, må ho melde oppbod. Ein konsekvens av dette er at pensjonsforpliktinga til tidlegare dagleg leiar ikkje vert gjort opp.

Stiftarane Hordaland Fylkeskommune og Voss kommune er ikkje rettsleg forplikta til å yte ytterlagere tilskot. Etter ei totalvurdering vil fylkesrådmannen likevel rå til at ein forsøker å løyse saka gjennom eit økonomisk samarbeid med Voss kommune, slik at stiftinga kan avviklast framfor å måtte melde oppbod. Det er etablert dialog med Voss kommune om dette. Stiftinga har altså kjende økonomiske forpliktingar på til saman 155.778 kroner. I tillegg kjem utgifter knytt til revisjon av

rekneskap og juridisk bistand. Av omsyn til fristen for avvikling av stiftinga, dagsett til 1. mars i vedtak hos Lotteri- og stiftelsestilsynet, er det naudsynt med ei rask avklaring av saka.